



Torsdag er fiskesesongen i gong.

Frå torsdag av er det klart for ein ny fiskesesong i Uskedalselva. I fjor vart det registrert 766 kg fangst, og den har vore aukande dei siste åra. I fjor vart det teke mange store laksar. Den største vog 11 kg. Uskedalselva har også vore kjent som ei god aureelv, og største auren i fjor var på 3.75 kg.

Det vert spennande å følgja fiskestarten, for det ser ut til å verta godt med vatn og gode fiskeforhold i elva. For å delta i fisket i Uskedalselva, er det viktig at ein set seg inn i reglane som gjeld. Dei finn ein på heimesida til Uskedal Elveigarlag. Ved å klikka på Uskedal elveigarlag i venstre kolonne kjem ein inn på den.

På heimesida må ein registrera seg som fiskar. Fiskekort vert kjøpt på nettet, på heimesida. Døgncort kostar 300,- kr. Det er viktig at fiskarane er nøgne med å rapportera inn fangsten så snart som mogeleg, og før det vert løyst nye kort. Skjelprøvar skal takast av all fisk og leggjast i postkassen ved brua. Her vil det og vere tome posar som fiskarane kan nytta.

Ungdom under 18 år fiskar gratis, men dei skal registrera seg som fiskarar og rapportera inn fangsten på same måte som dei som løyser kort.

Elveigarlaget har fått melding frå nokre grunneigarar at dei ikkje vil godta camping på eigedomane sine. Det betyr at dei som skal overnatta i bubilar og liknande må gjera det på vanleg campingplass.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland